

Dato: 15.09.2017

Arkiv: 049

46

Kontrollutvalet

SAK 46/17 GODKJENNING MØTEPROTOKOLL SISTE MØTE.


Forslag til vedtak

Møteprotokollen frå møtet 05.09.2017 vert godkjent.

Vedlegg

Møteprotokoll frå møtet 05.09.2017.


Jostein Støylen
Dagleg leiar


Ida Birgitte Marholm
Sekretær



ØRSTA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Ørsta kontrollutval
Møtestad: Møterom «Vartdalsfjord», Ørsta rådhus
Dato: 05.09.2017
Møtet starta Kl. 13.00
Møtet slutta Kl. 15.15

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon
Svein Castberg	Leiar
Anne Stine Foldal Aam	Nestleiar
Peder Slenes	Medlem

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	
Kari Janne Myklebust	Medlem	
Stina Aasen Lødemel	Medlem	Ikkje meldt forfall

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
Sylvi Gulla Hovdenakk	Kari Janne Myklebust

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
------	----------

Frå kommuneadministrasjonen:

Namn	Stilling	
Stein Aam	Ordfører	I sak 44/17
Orlaug Bjørdal Kårstad	Hovudverneombod	I sak 44/17
Geir Oddekalv	HV2 Utd.forb.	I sak 44/17
Odd Magne Vinjevoll	Leiar LKU	I sak 44/17

SAKLISTE

Sak nr	Tittel	Arkivkode	
39/17	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll.	033	
40/17	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	049	
41/17	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	033&58	
42/17	Meldingar	033&17	
43/17	Tilsynsrapport – Forvaltningskompetanse – avgjerder om særskild tilrettelegging	099	
44/17	PPT – prosess – Vidare behandling av KU-sak 38/17	040	
45/17	Habilitet – Legene – Trekt frå sakslista	042	

SAK 39/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vart godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med kontrollutvalsleiar vart vald Sylvi Gulla Hovdenakk.
3. Sak 45/17 Habilitet – Legene vart trekt frå saklista, utsett til neste møte.

SAK 40/17 GODKJENNING MØTEPROTOKOLL SISTE MØTE.

Samrøystes vedtak

Møteprotokollen frå møtet 26.06.2017 vart godkjent.

Vedlegg

Møteprotokoll frå møtet 26.06.2017.

SAK 41/17 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

Gjennomgang av møteprotokollar er oppfølging av vedtak, samt at avvik som t.d. habilitet, sakshandsaming, opplysningar m.v. gir kontrollutvalet grunnlag for å ta opp tilhøve i kommunen.

Møteprotokollar til gjennomgang:

Formannskapet	22.08
Samfunnsutvalet	29.08 – utsett til neste møte
Levekårsutvalet	30.08
Landbruksnemnda	20.06
VØR IKS Styret	24.05
VØR IKS Representantskapet	21.06
VØR IKS Klageutvalet	21.06

SAK 42/17 MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

Vedlegg

1. Tilbakemelding frå barnevernssjef Brynhild Solvang, jf. kontrollutvalssak 31/17
OPPFØLGING ØR40-16 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT BARNEVERN
TILTAK – TILSYN – RUTINER. Datert 27.06.2017
Utskrift av kontrollutvalssaka ligg og vedlagt.

2. Tilbakemelding frå seksjonsleiar kultur og landbruk Liv Bente Viddal, jf. kontrollutvalssak 23/17 BU- OG DRIVEPLIKT I ØRSTA KOMMUNE. Datert 25.08.2017
Utskrift av kontrollutvalssaka ligg og vedlagt.

SAK 43/17 TILSYNSRAPPORT – FORVALTNINGSKOMPETANSE – AVGJERDER OM SÆRSKILD TILRETTELEGGING

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek tilsynsrapporten til vitende.

Vedlegg

1. Tilsynsrapport – Forvaltningskompetanse – avgjerder om særskild tilrettelegging
2. Avslutning av tilsyn – Ørsta kommune – Tilsyn med forvaltningskompetanse 2016 – Vikemarka skule.

Saksopplysningar

Viser til vedlegg I for meir detaljert informasjon kring saka.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal opna 03.02.2016 tilsyn med forvaltningskompetanse – avgjerder om særskild tilrettelegging i Ørsta kommune. Undersøkingane har vore på skulenivå ved Vikemarka skule.

Temaet for tilsynet er skulen sin forvaltningskompetanse (saksbehandling) i avgjerder om særskild tilrettelegging av opplæringa. Tilsynet har mellom anna til formål å sikre at skulen har kompetanse til å vareta rettssikkerheita til elevar med særskilde behov, og at elevrettar blir saksbehandla i tråd med aktuelle reglar i opplæringslova og forvaltningslova.

Fylkesmannen har, etter gjennomgang av dokumentasjonen, fått ei oversikt over Vikemarka skule sin forvaltningskompetanse innanfor dei lovområda som er omfatta av tilsynet. Som det kjem fram i kapittel 6 i denne rapporten, er det avdekt forhold som ikkje er i tråd med aktuelle regelverk. Kort summert gjeld det følgjande forhold:

- Skulen har ikkje rutinar som viser at elevar og foreldre skal førehandsvarslast før skulen fattar vedtak om særskild språkopplæring.
- Det er manglar i nokre av vedtaka når det gjeld kravet i forvaltningslova om at enkeltvedtak skal innehalde opplysningar om retten til å klage, retten til å sjå dokumenta i saka og ha rett heimel for vedtaket, jf. kap. 3 i rapporten.
- Skulene sine vedtak om spesialundervisning inneheld ikkje klare nok opplysningar om eventuelle avvik frå KL06.
- Skulen sine vedtak om særskild språkopplæring inneheld ikkje opplysningar om kva for læreplan eleven skal følgje

Fylkesmannen mottok tilbakemelding frå Ørsta kommune 27.10.2016, og finn det sannsynleg at lovbrota i tilsynsrapporten er retta. Tilsynet med Ørsta kommune blir med dette sett på som avslutta.

SAK 44/17 PPT – PROSESS – VIDARE BEHANDLING AV KU SAK 38-17

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet meiner at Ørsta kommune har halde seg til dei krav som gjeld i lov og avtaleverk for omorganisering av teneste.
2. Kontrollutvalet synest det er beklageleg at det er tilsette som føler seg urettmessig behandla i prosessen, men utvalet ser at kommunen åleine ikkje kan ta ansvaret for dette. Evt. usemje mellom medlemmer og tillitsvalde i ei fagforeining er ei sak dei imellom.
3. Kontrollutvalet legg vekt på at det i omorganiseringsprosessar er særskilt viktig med god informasjonsflyt, og at medverknadsretten til involverte arbeidstakarar vert ivareteken på ein god måte.
4. Kontrollutvalet oppmodar ordføraren om å syte for at Stamina Census rapporten vert lagt fram for kommunestyret no – sjølv om valet er gjort for omorganisering.
5. Kontrollutvalet meiner leiar i levekårsutvalet burde sørge for at e-post av 27.02.2017 frå fagleg leiar i PPT vart eit formelt dokument i PPT prosessen og at rådmann sitt syn vart innhenta.

Vedlegg

1. Kontrollutvalssak 38/17
2. Stamina Census. Organisasjonsanalyse PPT 2016 av 15.11.2016 – Samandrag/presentasjon. Unnateke off. innsyn. Jf. Offl. § 15.
3. Kopi av brev frå Tone Hoggen Foldal (fagleg leiar PPT for Volda og Ørsta) til Datatilsynet. Datert 04.07.2017. Avviksmelding.
4. Brev frå hovudverneombod Orlaug Bjørdal Kårstad, datert 07.07.2017.
5. E-post av 27.02.2017 sendt frå Tone Hoggen Foldal til levekårsutvalet (Vedlegg 7 i kontrollutvalssak 38/17.)
6. Rådmannen sitt syn på E-post av 27.02.2017 frå Tone Hoggen Foldal – innhenta av Vest kontroll. I denne tilbakemeldinga ligg også uttale frå Utdanningsforbundet v/HV2 Geir Oddekalv og Lokallagsleiar Utdanningsforbundet Ørsta Sindre S. Sandbakk
7. Protokoll levekårsutvalet 01.03.2017, sak PS 9/17 Vertskommunesamarbeid om PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta.
8. Lest opp i møtet: Brev frå Datatilsynet til PPT for Volda og Ørsta, datert 23.08.2017 – Avslutning av sak – Melding om avvik – PPT for Volda og Ørsta

Saksopplysning

Kontrollutvalssak 38/17, jf. vedlegg 1

Saka var behandla i kontrollutvalet 26.06.2017 – sak 38/17 og det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek opplysningane frå innkalla partar til orientering.
2. Vedtak vert utsett til møtet 5. september 2017 då kontrollutvalet treng ytterligere informasjon.

Kontrollutvalssak 38/17 PPT-Prosess

Det vert vist til saksutgreiinga i denne saka – som ligg ved.

Stamina-rapport, jf. vedlegg 2

Stamina Census. Organisasjonsanalyse PPT 2016.

Denne rapporten bør kontrollutvalet gå nøye igjennom før vedtak vert fatta. Rapporten syner at det var nødvendig med ei total omorganisering av PPT.

Etter det som er opplyst er denne rapporten presentert for kommunestyret i Volda og ikkje i Ørsta. Sjølv om valet på organisering av PP teneste allereie er avgjort av kommunestyret – bør ordførar vurdere å leggje fram presentasjonen – slik politikarane i Ørsta har same informasjon som politikarane i Volda. Instans utanfrå (gjerne Stamina) bør foreta presentasjonen. Ein gjennomgang vil gi forståing for valet på organisering. Ordførar er kalla inn for å gi svar på kvifor rapporten ikkje vart lagt fram for kommunestyret.

Brev frå fagleg leiar PPT til Datatilsynet, jf. vedlegg 3

Kopi av brev frå Tone Hoggen Foldal (fagleg leiar PPT for Volda og Ørsta) til Datatilsynet. Datert 04.07.2017. Avviksmelding.

Kontrollutvalet bør ikkje ha meining om innhaldet så lenge dette er stila til og blir behandla av eit statleg mynde – Datatilsynet. Det er då heller ikkje naturleg å be om kommentar frå rådmannen om dette no.

E-post og brev frå hovudverneombod Orlaug Bjørdal Kårstad, jf. vedlegg 4

E-post frå hovudverneombod i Ørsta kommune Orlaug Bjørdal Kårstad. Datert 07.07.2017 med brev vedlagt, datert same dato. Vedr. Sak 38/17 PPT-Prosess.

Orlaug ynskjer å møte i kontrollutvalet for å legge fram HVO si oppleving av saka. Før saka vert endeleg avgjort bør ho møte i kontrollutvalet og er såleis innkalla. Ho var også innkalla til møtet 26.06, men kunne ikkje møte.

E-post frå fagleg leiar PPT til levekårsutvalet, jf. vedlegg 5. Sjå også vedlegg 4 og 6

Brevet frå HVO viser til brev/notat frå fagleg leiar Tone Hoggen Foldal, fagleg leiar PPT for Volda og Ørsta, datert 27.02.2017. Dette følgde også kontrollutvalssak 38/17 som vedlegg 7. Legg også dette ved saka no (vedlegg 5).

Brevet/notatet vart vidareformidla til medlemane i Levekårsutvalet (uformelt? av Svein Ivar Aarskog 28.02.2017), men ikkje vidareformidla til administrasjonen frå han. Dokumentet vart ikkje lagt fram som som formelt dokument når saka var behandla i levekårsutvalet. Når dokumentet ikkje vart formidla til administrasjonen – så var det leiaren i levekårsutvalet Odd Magne Vinjevoll sitt ansvar å få det med som dokument i saka.

Det er og viktig å legge merke til kva fagleg leiar PPT skriv i E-posten til Svein Ivar Aarskog 27.02.2017.

Det var Orlaug Bjørdal Kårstad HTV utdanningsforbundet og HVO som vidaresende skrivet til administrasjonen 28.02.2017. Ho hadde fått det som varamedlem av Levekårsutvalet, dagen før møtet.

Det er grunn til å stille spørsmål om kvifor eit slik dokument og e-post med sterke skuldingar ikkje vart formelt sendt til administrasjonen og at det heller ikkje vart lagt ved og følgde saka vidare.

Leiar i Levekårsutvalet Odd Magne Vinjevoll er innkalla for å gi orientering/svar.

Vi har bede og fått rådmannen sitt syn på e-posten og brevet. Dette ligg ved saka (vedlegg 6).

HTV2 i Utdanningsforbundet er kalla inn for å gi sin versjon av informasjon, kontakt og vidareformidling til/frå Utdanningsforbundet sine medlemar som jobbar i PPT.

Protokoll levekårsutvalet 01.03.2017, sak PS 9/17 Vertskommunesamarbeid om PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta, ligg ved (vedlegg 7).

Oppsummering

Det er vanskeleg å dra ein endeleg konklusjon i saka før ein har høyrte forklaring frå dei som no er kalla inn til kontrollutvalet.

Min førebels konklusjon, som bygg på dei opplysningane som ligg føre til no, er at kommunen er innanfor krav som vert stilt til ein omorganiseringsprosess. Organisasjonsanalysa frå Stamina Census viser tydeleg at ei omstilling måtte til.

Det vil i slike prosessar svært ofte bli stilt spørsmål, og helst frå dei som føler seg urettferdig behandla. Dette ikkje minst ut i frå at dei føler innspela deira ikkje har blitt tatt omsyn til i tilstrekkeleg grad.

Dei tillitsvalde og hovudverneombod skal i alle høve ta omsyn til alle i organisasjonen, å vurdere sitt standpunkt om organiseringa ut frå det, samt at tenesta skal vere best mulig optimal.

Tilrådinga til vedtak bygg på opplysningane til no, og kan bli endra som følgje av nye opplysningar som måtte kome fram i møtet, etter at dei som er innkalla har gitt sin versjon/forklaring.

I møtet

Kontrollutvalet og sekretariatet vart i møtet gjort kjent med brev/tilbakemelding frå Datatilsynet til kommunen, dat. 23.08.2017, der dei skriv:

«Vi viser til avviksmeldingen dere sendte 4. juli 2017.

Dere opplyser at dere har truffet tiltak for å lukke avviket og begrense konsekvensene. Vi legger til grunn at der er følger opp at tiltakene dere har iverksatt fungerer og er tilstrekkelige. Vi avslutter derfor saken.

Når det gjelder forholdet til et eventuelt brudd på taushetsplikten vil Fylkesmannen være rette instans.

Ta kontakt hvis dere har spørsmål.»

Hovudverneombud Orlaug Bjørdal Kårstad

orienterte om sitt arbeid, oppleving og syn i saka.

Det kom ikkje fram særleg nye opplysningar som ein ikkje var kjent med.

Tillitsvald 2 for Utdanningsforbundet Geir Oddekaly

orienterte om sitt arbeid, oppleving og syn i saka.

Ein var kjent med det meste av det han orienterte om. Han presiserte at dette hadde vore ein svært vanskeleg prosess. Han opplyste også om at dei tilsette i PPT ikkje hadde tillit til han. Vidare opplyste han at det var vanskeleg å få til møte med dei.

Ordførar Stein Aam

opplyste at grunnen til han at ikkje hadde presentert Stamina Census rapporten for kommunestyret slik som var gjort i Volda, var at det kom opplysning om at kontrollutvalet ville sjå på saka, noko han fekk tilslutning for i kommunestyret. Han vil ta den opp i kommunestyret no når kontrollutvalet har ferdigbehandla saka.

Leiar i Levekårsutvalet Odd Magne Vinjevoll

orienterte og svarta på spørsmål.

Vinjevoll opplyste at han ikkje hadde lest e-posten frå fagleg leiar i PPT av 27.02.2017, som Svein Ivar Aarskog sende ut til medlemmer og vara i Levekårsutvalet 28.02.2017, før møtet den 01.03.2017. Han opplyste at han heller ikkje kjente til at Aarskog også hadde sendt den til medlemmer og vara. Vinjevoll hevda såleis at skrivet ikkje hadde hatt noko å bety for sakshandsaminga i Levekårsutvalet.

Kontrollutvalet stiller seg tvilande til at ingen i Levekårsutvalet hadde lest e-posten, og at innhaldet i denne på ingen måte hadde verknad for behandlinga der.

Møtet slutt.

Sven Castberg

- leiar -

Sylvi Gulla Hovdenakk

- vara -

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Ordførar til orientering.
Rådmann til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.